

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
019/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	24.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

Etablering av valkomité

Framlegg til vedtak

1. Førebuande fellesnemnd veljar følgjande personar til å sitje i valkomiteen:
 - a. Bjarte Vatnøy
 - b. Sølvi Knudsen
 - c. Else Marie Dale
2. Namnekomiteen konstituerar seg sjølv med leiar

.....

Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 019/17

FELLES - behandling:

Følgjande vart fremma som nytt punkt tre som fellesframlegg:
Valkomiteen har funksjonstid fram til endeleg fellesnemnd er etablert.

Framlegget med nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

FELLES - vedtak:

1. Førebuande fellesnemnd veljar følgjande personar til å sitje i valkomiteen:
 - a. Bjarte Vatnøy
 - b. Sølvi Knudsen
 - c. Else Marie Dale
2. Valkomiteen konstituerar seg sjølv med leiar
3. Valkomiteen har funksjonstid fram til etablering av endeleg fellesnemnd.

Saksopplysningar:**Bakgrunn:**

I samband med handsaming av sak 013/17: Etablering av politiske komitar vart det vedteke å fremja ein eiga sak om etablering av ein valkomité. Komiteen har som oppgåve å fremja forslag til medlemmar i ulike komitear som vert oppretta i samband med arbeidet med å etablere ein ny kommune.

Saksutredning:

I samband med arbeidet med å etablere ein ny kommune vil det var behov for å setja ned fleire politiske komitear for å arbeida med bestemte oppgåver. Det er viktig at komiteen finn kandidatar som ynskjer og har muligheit til å delta i arbeidet med å etablere ein ny kommune. Saksførebuaende utval har teke utgangspunkt i at dette utvalet skal muligheit til å på kort varsel tre saman og koma fram med forslag til medlemmar til ulike politiske komitear som det er behov for. Av den grunnen er det foreslått å velja tre medlemmar til dette utvalet. Ein frå kvar kommune og med ei samansetning som tilfredstillar kravet om balanse mellom kjønn.

Utvalet vil få administrativ støtte frå Radøy kommune.

Økonomiske konsekvensar:

Det må reknast med kostnader til møtegodtgjerdsle og administrativt sekretariat. Dette bør finansierast frå eingongstøtta som vert utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

.....